



TOMBRE FISKEANLEGG AS  
Drageid 38  
5640 EIKELANDSOSEN

Dato: 11.06.2019  
Vår ref.: 2019/12334-2  
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy  
Tlf: 932 49 179

## Tombre Fiskeanlegg AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet Toska N i Radøy kommune

Vi syner til dykkar søknad om samlokalisering av 06.06.2019.

### Vedtak

Hordaland fylkeskommune gir med dette Tombre Fiskeanlegg AS, org. nr. 941541240, akvakulturløyve med reg. nr. H-KM-17 og H-FS-5 løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks på følgjande lokalitet i Radøy kommune i Hordaland fylke:

| Lokalitetsnr. | Lokalitetsnamn | Kommune | Lokalitetsbiomasse |
|---------------|----------------|---------|--------------------|
| 31497         | Toska N        | Radøy   | 3620 tonn          |

Løyvet gjeld for anleggsplassering som vist i vedlagt kart, med ytterpunkt som har følgjande posisjonar i grader og desimalminutt (Kartdatum Euref89/WGS84):

| Midtpunkt     | 1             | 2             | 3             |
|---------------|---------------|---------------|---------------|
| N 60° 40,192' | N 60° 40,059' | N 60° 40,080' | N 60° 40,271' |
| Ø 04° 55,032' | Ø 04° 55,373' | Ø 04° 55,273' | Ø 04° 54,731' |
| 4             | 5             | 6             |               |
| N 60° 40,305' | N 60° 40,115' | N 60° 40,072' |               |
| Ø 04° 54,783' | Ø 04° 55,326' | Ø 04° 55,390' |               |

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande løyve:

Lingalaks AS: H-KM-22, H-R-1, H-R-17 og H-R-18.

Tombre Fiskeanlegg AS: H-KM-17 og H-FS-5

Løyve H-R-17 er eit løyve til visning og omfattar MTB på 500 tonn. Kvart av dei andre løyva er godkjent for 780 tonn MTB. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einssilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret på fiskeridirektoratet si heimeside [www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no).

### Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret. Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdslova, forureiningslova og hamne- og farvannsløva.

### Bakgrunn og saksgang

Tombre Fiskeanlegg AS og Lingalaks AS søkte 06.06.2019 om samlokalisering av Tombre Fiskeanlegg AS sine løyve H-KM-17 og H-FS-5 med Lingalaks AS sine løyve H-KM-22, H-R-1, H-R-17 og H-R-18 på lokalitet Toska N i Radøy kommune.

### Sektorstyresmaktene og kommunen si handsaming

Då lokaliteten er tidlegare klarert jf. løyve av 12.12.2014 er ikkje denne saka sendt til verken Radøy kommune, Fylkesmannen i Vestland, miljøvernavdelinga, Mattilsynet Region Sør og Vest, Kystverket Vest eller Fiskeridirektoratet Region Vest.

### Naturmangfaldlova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a.

Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet, jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg, jf. § 12 Miljøforsvarlege tekniskar og driftsmetodar.

**Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gir Hordaland fylkeskommune Tombre Fiskeanlegg AS med akvakulturløyva H-KM-17 og H-FS-5 løyve til samlokalisering med Lingalaks AS sine løyve H-KM-22, H-R-1, H-R-17 og H-R-18 på lokalitet Toska N i Radøy kommune.**

### Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget sine ytterpunkt.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.
- Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på [www.lovdato.no](http://www.lovdato.no).

### Anna

Hordaland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndigheitene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle

akvakulturlovgivinga.

### **Klagerett**

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sundbø  
seksjonssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg:

Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland 09.12.2014

Løyve frå Mattilsynet Sør og Vest 04.11.2014

Løyve frå Kystverket Vest 18.09.2014

Kart over godkjent plassering

Klageskjema

### Kopi:

Fylkesmannen i Vestland

Fiskeridirektoratet Region Vest


Mattilsynet avdeling Sør og Vest

Kystverket Vest

Radøy kommune

Lingalaks AS






# Lokalitet 31497 Toska N



**Målestokk: 1:10 000**





|  |   |
|--|---|
| <b>(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)</b><br><b>Hordaland fylkeskommune</b><br><b>Agnes Mowinckels gate 5</b><br><b>PB 7900</b><br><b>5020 BERGEN</b> | <b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b><br>(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)<br><b>11.06.2019</b>  |
| <b>(3) Mottakar (namn og adresse)</b><br>Tombre Fiskeanlegg AS   | <b>(4) Klageinstans</b><br><b>Fiskeridirektoratet</b>   |
| <b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b>   |   |
| <b>Klagerett</b>   | De har rett til å klage på vedtaket.  |
| <b>Kven kan De klage til?</b>  | Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).  |
| <b>Klagefrist</b>  | Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.  |
| <b>Rett til å krevjegrunningjeving</b>   | Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.   |
| <b>Innhaldet i klaga</b>   | De må presisere <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> Klaga må underskrivast.   |
| <b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b>   | Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.  |
| <b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b>   | Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.   |
| <b>Kostnadene med klagesaka</b>  | De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.   |
| <b>Klage til Sivilombodsmannen</b>   | Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen. |
| <b>Særlege opplysningar</b>  |   |

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve